



HØGSKULEN I VOLDA
Volda University College

Nyhendebrev nr. 10, 10. mars 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, johann.roppen@hivolda.no.

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



"Håpskafé" for studentar torsdag kveld

Studentar som kjenner dei treng å finne litt meining og håp i ei uroleg tid er inviterte til «Håpskafé». På kafeen blir det litt gratis mat og drikke, og du kan stikke innom aleine, saman med andre, bli der kort, eller lenge.


[LES MEIR](#)



Kristine Vaadal disputerer 11. mars

Høgskulelektor Kristine Vaadal ved avdeling for samfunnsfag og historie disputerer fredag 11. mars. Ho har skrive ei avhandling om unge kvinner og bruk av alkohol og disputerer på fellesgraden i helse- og sosial som Høgskulen i Volda har i lag med Høgskolen i Molde. Disputasen kan også sjåast på video.

[LES MEIR](#)



Studentfjernsynet lagar "Kompani Volda"

Etter å ha arbeidd i fleire månader vil Student-TV i Volda no spele inn serien "Kompani Volda". Serien vil bli sendt på studentfjernsynet i løpet av mai. Les omtale på Nærnett.

[LES MEIR](#)



Høgskulen vil stoppe avtalar med russiske universitet

Høgskulen i Volda har tre utvekslingsavtalar med russiske universitet. Desse tre avtalane vil no bli stoppa på ubestemt tid. Dei tre universiteta ligg i St. Petersburg, Niznij Novgorod og Kaliningrad. Dette får ingen ting å seie for russiske studentar som alt er i Volda.

[LES MEIR](#)

Studium og studentliv:

Nytt nettstudium: Bachelor i religion og kultur

Høgskulen i Volda tilbyr frå hausten 2022 [Bachelor i religion og kultur](#) som reint nettstudium og er først i landet med å tilbyr ei nettbasert bachelorutdanning på dette fagområdet. Frå før har høgskulen opp mot 150 nettstudentar på emne i eit nettbasert årsstudium på same fagområde, og tek no steget opp mot bachelor. [Les meir på nettsidene våre.](#)

Student vil sy sommarkjole av gratis-gardinene

Høgskulen skal skifte ut gardinenen i mange av husa på høgskuleområdet, og også studentar har merka seg at det var muleg å sikre seg godt brukte gardiner, gratis. Nærnett har snakka med Jenny Bæra Johannessen som har tenkt å lage sommarkjole av dei gamle gardinene. [Les meir på Nærnett.](#)

Dokumentarfilmfestivalen treng fleire friviljuge

Den norske dokumentarfilmfestivalen blir arrangert i Volda 20.-24. april og no går festivalstyret ut og inviterer frivillige til å melde seg for å få gjennomført festivalen. Det trengst både vakter, informasjonsfolk, fotografer og mange andre oppgåver. [Les meir på nettsidene våre.](#)

Hærverk på studentheimane på Heltne

Nærnett melder om fleire episoder med hærverk på Studentheimane på Heltne. Det er lyktestolper og dører som har vorte ramponert. [Les meir på Nærnett.](#)

Surfe-student Frida gler seg til Xwave under X2-festivalen

Nærnett har snakka med voldastudent Frida Ous som har vorte hekta på surfing, og ser fram til at det blir arrangert Xwaves under den komande X2-festivalen i april. [Les meir på Nærnett.](#)

Loui og Lexus: Volda-rapparar tilbake på Rokken

Dei to utflytta volderapparane Emil Lewe (Loui) og Aleksander Myrene (Lexus) har vore i aksjon på Rokken - og [også møtt Nærnett.](#)

Menyen i kantina neste veke

Middagen i kantina har sine faste haldepunkt i potetball torsdag og taco på fredag.

Måndag: Fylte bakte paprika med coucous/potetsuppe

Tysdag: Kjøtkaker med ertestuing og gulrøtter/fiskesuppe

Onsdag: Gresk gyros med ovnsbakte poteter/ostesuppe

Torsdag: Potetball med tilbehør/aspargessuppe

Fredag: Tacobuffet

Alle middagar kostar kr 14,90 pr. hg. Supper kostar kr 35,-.

[Lenke til Sivolda og kantina sine nettsider.](#)

Svar på SHOT: Studentar kan vinne Ipad - eller pengar - svarfrist 15. mars

Ein ny runde med Studentenes helse- og trivselsundersøkelse (SHoT) er i gang og alle studentar ved Høgskulen i Volda er inviterte til å delta. SHOT prøver å finne ut korleis det eigentleg er å vere student - blant anna når vi no går inn i det tredje året med korona. 180.000 studentar får invitasjon til SHOT på e-post. Shot trekker 5 Ipadar og gir gåvekort på kr 500,- til 100 av dei som svarar på spørsmåla.

Undersøkinga går fram til 15. mars. Den 9. mars hadde ca. 22 prosent av alle studentane på Høgskulen i Volda svara på undersøkinga, og det er 2 prosent under landsgjennomsnittet. [Les meir om SHOT på nettsidene våre.](#)

Fag og forskning

Tilsette blir oppmoda til å legge ut informasjon om interne seminar og faglege arrangement på kalenderen på www.hivolda.no.

Professor Marie Nedregotten Sørbo: "Kvinner har utretta meir enn vi trur"

Professor Marie Nedregotten Sørbo seier at kvinner er gløymt i litteraturhistoria. Sørbo forskar på det empiriske grunnlaget for kvinnelitteraturhistorie. Ho er spesielt interessert i å oppdage kor mange kvinnelege forfattarar som var aktive før 1900. Ho er også prosjektleiar for ein ny søknad til Noregs forskingsråd (CONNECTING) som vil dokumentere 1800-talets kvinnelege forfattarar og samordne eksisterande databasar om kvinnehistorie. [Les meir på nettsidene våre.](#)

Spennande forskarboom ved Høgskulen i Volda

Høgskulen har aldri før tilsett så mange stipendiatar på ein gong som det siste året: I 2021 og så langt i 2022 har 18 nye stipendiatar vorte tilsett. Og dei forskar på mykje spennande: Frå fedme og oveting, sjukdom i skulekvardagen, animasjon og musikk - og mykje meir. [Les meir om dei nye forskarane og prosjekta deira på nettsidene våre.](#)

Høgskulen er medarrangør av forskingssymposium i Princeton (USA)

Høgskulen i Volda arrangerer 11.-13 mars, «Princeton Research Symposium» saman med Princeton Theological Seminary (PTS), USA. Ansvarleg for arrangementet er professor Knut-Willy Sæther (HVO) og Thomas J. Hastings (PTS). Symposiet spring dels ut av forskargruppa Natur, estetikk og etikk ved Høgskulen i Volda. Tema for symposiet er «Views of Nature and Dualism», og forskarar frå Storbritannia, USA og Noreg deltek. Frå Høgskulen i Volda deltek stipendiat Dag Erik Wold og førsteamanuensis Jonas Gamborg Lillebø i tillegg til Sæther. Målet med symposiet er nettverksbygging, fagleg utvikling og publisering av ei bok på forlaget Palgrave Macmillan.

Støtte til utvikling av engelskspråklege emne - søknadsfrist 10. mars

[Internasjonalt utval](#) ved Høgskulen i Volda har lyst ut midlar til støtte til oppretting eller utvikling av engelskspråkelege emne. Søknadsfristen er 10. mars 2022. Den samla budsjetttramma er på 150.000 kr. og kvar søknad kan få inntil 75.000 kr. for utvikling av emne på 15 studiepoeng.

Det er ei føresetnad for tildeling av midlar at emnet er eller vert godkjent for utvikling av Utdanningsutvalet ved HVO. Søknader om støtte vert handsama på møtet i Internasjonalt utval 21. mars. For meir informasjon og søknadsprosedyre, sjå full utlysing i Public 360 – Sak# 22/00041-1.

På engelsk eller norsk? Nettseminar 15. mars

Høgskulen i Volda, Nynorsksenteret og Nynorsk kultursentrum arrangerer nasjonalt nettseminar om Språklova og om korleis engelsk og norsk blir brukt i utdanning, forskning og formidling ved norske UH-institusjonar. Blant innleiarane er språkdirektør Åse Wetås, statssekretær Oddmund Løkensgard Hoel, 1. amanuensis Alexander H. Sandtorv og professor Jan Inge Sørbø. [Les meir om seminaret på nettsidene våre.](#)



Kultur



Idrett

Idrett, musikk, teater m.v. i Volda og Ørsta. Kampar til VSI (Volda Studentidrettslag), handball og volleyball.

Kinoprogrammet: [Volda filmteater](#) | [Ørsta kino](#) | [Hjørundfjord filmteater](#) (filmklubb)
Arrangement på [Tikkio Volda](#) | [Tikkio Ørsta](#) | [Ticketmaster Volda](#) | [Ticketmaster Ørsta](#)

10.03.2022: [06 Boys](#), Rokken
11.-12.03.2022: [Standup](#), Tredet
12.03.2022: [Jazzkafé \(Jazzklubben\)](#), Tredet
12.03.2022: [Bryggarmeisterskap](#), Ørsta kulturhus
13.03.2022: [Riksteateret: Hedda Gabler](#), Ørsta kulturhus

15.03.2022: [Venner på veien](#), Ørsta kulturhus
16.03.2022: Handball, kvinner: [Volda - Fjellhammer](#), VCA
17.03.2022: [Adam Douglas](#), Ørsta kulturhus
18.03.2022: [Maridalen trio](#), Sæbø Dampskipsekspedisjon
19.03.2022: Fotball, menn: [NM-kamp: Hovdebygda-Volda](#), Hovdebygda Stadion
19.03.2022: [Follestaddal Hornmusikk - musikk frå James Bond](#), Ørsta kulturhus
19.03.2022: Handball, menn: [Ørsta - Orkanger](#), Ørstahallen
20.03.2022: [1816 i Gamle skrivargarden](#), Volda
20.03.2022: [Symfoniorkesteret](#), Fosnavåg konserthus
22.03.2022: [Lunsj-konsert](#), Tredet
22.03.2022: [Ragnar-Liaskar-Kviss](#), Tredet
24.03.2022: [Funkups](#), Tredet
24.03.2022: [Grand Prix Ørsta Ungdomsskule](#), Ørstahallen
24.03.2022: [Skambankt // Ti for alt -2022](#), Rokken
24.03.2022: [Konsert og bokslepp med Stig Ulv](#), Ørsta kulturhus
26.03.2022: [Haugtussa](#), Aasentunet

Styre og stell:

Den lange flyttinga held fram: Ut av Strøm - inn i Aasen - for ei stund

I fjor flytta tilsette ved Avdeling for mediefag ut av Ivar Aasen-huset. Våren 2022 flyttar dei fleste tilsette på Avdeling for samfunnsfag og historie inn i Aasen-huset fordi Hans Strøm-huset skal pussast opp. Og i 2023 skal dei tilbake igjen. [Les meir om flyttekabalene på nettsidene våre.](#)

Nytt reglement for avdelingsråda ved Høgskulen i Volda

Direktør har fastsett nytt reglement for avdelingsråda ved Høgskulen i Volda. Avdelingsrådet skal blant anna drøfte og kan gi råd i alle overordna spørsmål for avdelinga, så som handlingsplan, studieportefølje, kvalitetsrapport, prinsipp for fordeling av arbeidskraftressurs og kan også gi råd om oppnemning av prodekan og medlemmer til organ/utval ved Høgskulen i Volda. [Reglementet er tilgjengeleg i samlehandboka Compendia \(krev innlogging\).](#)

Handlingsplan for Høgskulen i Volda er ute på høyring

Høgskuleleiinga sitt framlegg til handlingsplan for Høgskulen i Volda er sendt på ei intern høyring. Her er lenke til [handlingsplanen](#) og til [høyringsbrevet](#). Høyringsfristen er 19. april. Handlingsplanen bygger på [strategiplanen for Høgskulen i Volda](#) som vart vedtatt i desember 2021.

Nytt om tilsette

Fellesadministrasjonen:

[Trude Carlsen](#) er engasjert som rådgjevar i Forskingsadministrasjonen ut året.

[Tom Arild Høydal Hamre](#) er engasjert som førstekonsulent i Studieadministrasjonen ut vårsemesteret.

Mathias Kongsvoll har fått fast stilling som driftsteknikar.

[Mariann Schjeide](#) har teke til i fast stilling som Biblioteksjef.

Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning

[Leni Skjegstad](#) har flytta frå personal- og dokumentforvaltning og over i stilling som førstekonsulent på AHL.

Avdeling for mediefag

Professor Svein Brurås har blitt pensjonist etter mange års teneste ved Høgskulen i Volda .

[Elise Askeland Farestveit](#) har vorte engasjert som høgskulelærer våren 2022.

[Sandra Lappegard Wangberg](#) har vorte engasjert som høgskulelærer våren 2022.

Avdeling for samfunnsfag og historie

Cathrin Lid Heilund har vorte tilsett i fast stilling som høgskulelektor på institutt for sosialfag

[Lars Ørjan Kråkenes](#) har teke til i 4-årig stipendiatstilling.

[Ådne Meling](#) har teke til i fast stilling som førsteamanuensis på Institutt for planlegging og administrasjon.

[Kristin Ljoså Sørheim](#) har teke til i fast stilling som høgskulelektor på Institutt for sosialfag

Forskningsmidlar og forskingsaktivitetar - fristar

Kurs i prosjektutvikling - Nettseminar 15. mars

Forskningsrådet arrangerer 15. mars eit kurs (nettseminar) i prosjektutvikling for bedrifter og forskarar som samarbeider med næringslivet. Tittelen på nettseminaret er: "Korleis strukturere eit godt

innovasjonsprosjekt med FoU-innhold?". Påmeldingsfristen er 14. mars. [Meir informasjon om kurset og påmeldingsskjema er å finne på Forskningsrådets nettsider.](#)

Mentorordning mot toppkompetanse - søknadsfrist 17. mars

Eit tiltak i [Kvinneløftet](#) er ei mentorordning for førsteamanuensar og førstelektorar som jobbar mot opprykk til professor eller dosent. I fjor ble det inkludert 14 kandidatar, 9 kvinner og 5 menn. No er det tid for nye kandidatar å søke seg til ordninga. **Søknadsfrist: 17.mars.** [Lenke til søknadsskjema.](#) Les [meir om ordninga.](#)

UH-Nett Vest: Nettverks- og prosjektutvikling: Søknadsfrist 15. mars

UH-Nett Vest har lyst ut midlar som skal bidra til å styrke samhandlinga mellom UH-Nett Vest institusjonane og å bygge sterke relasjonar mellom akademia og eksterne aktørar i regionane. Støtta blir gitt som såkornmidlar til nettverksbygging, prosjektutvikling og formidlingsaktivitet. Det kan søkast om inntil kr 200.000 pr søknad. [Les meir om støtteordningane på nettsidene til UH-Nett Vest.](#)

FoU-stipend for 2023: Søknadsfrist 15. mars

Fast tilsette på Høgskulen i Volda kan no søke om FoU-stipend for kalenderåret 2023. Føremålet med FoU-stipenda er å gi meir samanhengande tid til forskning og fagleg utvikling i eitt semester. Det er eit vilkår at søkjar har ordna med frikjøp frå undervisningsoppgåver i stillinga si, til dømes ved at det vert tilsett vikar. Tidsrommet for frikjøpet (vår eller haust 2023) må difor vere avklara med næraste leiar. [På nettsidene våre er det meir informasjon om ordninga og elektronisk søknadsskjema.](#)

11 millionar å hente frå Regionalt Forskingsfond for Møre og Romsdal

Regionalt Forskingsfond for Møre og Romsdal har tilgjengeleg midlar som forskarar ved Høgskulen i Volda kan søke på. Den største ordninga er kalla [Kvalifiseringsprosjekt](#) som har som formål å "Styrke forsknings og innovasjonsevnen til næringsliv og kommunal sektor i Møre og Romsdal, og bygge relevant kunnskap hos FoU-miljøa". Søknadsfristen er løpande og det er 10,5 mill tilgjengeleg. Ei anna ordning under RFF er kalla [KSP \(Kompetanse- og samarbeidsprosjekt\)](#) og her er det tilgjengeleg kr 750.000 og det er også løpande søknadsfrist. [Seniorrådgivar Bjørn Tafjord](#), ASH, kan svare på spørsmål om ordningane.

Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

Ledig stilling som senterleiar for Nynorsksenteret - søknadsfrist 10. mars 2022

Nynorsksenteret ser etter ein inkluderande leiar med engasjement, gode samarbeidsevner og evne til strategisk tenking. Vi ynskjer oss ein leiar med leiarerfaring, som kan drive internt utviklingsarbeid og bygge ein lærande organisasjon. Leiaren har personalansvar og budsjettansvar. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)

Ledig stilling som høgskulelektor/førstelektor/førsteamanuensis ved Nynorsksenteret - søknadsfrist 15. mars 2022

Ved Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa (Nynorsksenteret), ved Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, Høgskulen i Volda, er det ledig inntil to faste stillingar som høgskulelektor/førstelektor/førsteamanuensis frå 1.8.2022. Stillingane vil vere knytte til oppgåver både mot barnehagen og grunnskulen. [Les meir om utlysinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)

Sommarvikarar på drift - søknadsfrist 15. mars 2022

Høgskulen i Volda søker etter to ferievikarar i perioden 13.6.2022 - 12.8.2022. Stillingane er plassert i eigedomsteamet/drift og på IT-avdelinga med arbeidstid frå kl. 08.00 til 15.30, måndag til fredag. Dersom det er ynskje om ferie i perioden, må det opplysast i søknaden. Dei som kan arbeide heile perioden vil bli prioriterte. Det vil også være positivt om ein har moglegheit til tidlegare tilsetjing. [Les meir om utlysinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)

Ledig stilling som professor/dosent/førsteamanuensis/førstelektor i leiing - søknadsfrist 20. april 2022

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for samfunnsfag og historie, er det ledig fast stilling som professor/dosent/førsteamanuensis/førstelektor i leiing, med planlagt tilsetjing frå 1. august 2022. Stillinga er ved Institutt for planlegging, administrasjon og skuleretta samfunnsfag (IPAS), og primært ved programma Bachelor i planlegging og administrasjon og Master i samfunnsplanlegging og leiing. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)

Stipendiatstillingar i barnevernsarbeid - søknadsfrist 1. juni 2022

Høgskulen i Volda søker etter stipendiatar ved Avdeling for Samfunnsfag og historie, Institutt for sosialfag (ISF). Vi ønskjer søkarar som har relevante forskingsprosjekt på området barnevern/barnevernsarbeid, gjerne med problemstillingar innanfor: Minoritetsarbeid,

tverrprofesjonelt/tverretatleg samarbeid (barnevern-barnehage-skule-PPT-Bup), arbeid med barn og familiar, juridiske problemstillingar med relevans for barnevernsarbeid.

[Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)

Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

11.3.2022: [Disputas: Kristine Vaadal](#), HVO (også på video)
15.3.2022: [Nettseminar om Språklova og engelsk/norsk i akademia](#)
17.-18.3.2022: Studietur for rektors leiargruppe - UiB og HVL
24.3.2022: [Nettverkstreff: Nettverk for kvinner innan forskning ved HVO](#)
24.-25.3.2022: Avd.seminar ASH
31.3. - 1.4. 2022: [Jubileumsmarkering: Sosialfag 50 år](#)
8.4.2022: Disputas, [Bjørn Kjetil Larsen](#), Høgskulen i Volda
19.-20.4.2022: Personalseminar AKF
20.4.2022: [Utdanningsutvalet](#)
21.4.2022: [Forskingsutvalet](#)
22.4.2022: [50-års jubileum for Avdeling for mediefag](#)
25.4.2022: [The Northwest](#), Ålesund
4.-8.5.2022: [European Conference on Science and Theology \(ECST XIX\)](#) (Ålesund)
5.5.2022: [Høgskulestyret](#)
17.5.2022: 17.mai-feiring. Faneberar: AKF
1.6.2022: [Utdanningsutvalet](#)
2.6.2022: [Forskingsutvalet](#)
2. - 3.6.2022: Avdelingsseminar AMF
16.6.2022: [Høgskulestyret](#)
16.-17.6.2022: [Fjordkonferansen 2022](#), Loen
9.6.2022: Sommaravslutning AKF
20.6.2022: Sommaravslutning ASH
22.6.2022: Sommaravslutning AMF
16.8.2022: [Studiestart studieåret 2022-2023](#)
16.11.2022: 100-årsmarkering for Henrik Kaarstad-huset

Faste lenker:

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

[Opning av opprykksseminar, 8. mars 2022](#)

[Orientering til høgskulestyret, møte 3. mars 2022 \(3.3.2022\)](#)

[People of Ukraine: We support you \(26.02.2022\)](#)

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av stramproduksjonen i solcelleanlegget](#)

STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: postmottak@hivolda.no

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)